



Forsand kommune
Fossanvegen 380
4110 Forsand

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Utviding av tilsyn med Forsand kommune

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skuleeigarar og skular

Etter § 14-1 første ledd i opplæringslova har Fylkesmannen heimel til å føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova. Fylkesmannen har rett til innsyn i dokument og rett til tilgang til lokale og anlegg i den grad dette er nødvendig for å ta i vare Fylkesmannen sine oppgåver, jf. kommunelova § 60c.

Bakgrunn for tilsynet

Fylkesmannen i Rogaland har i perioden fra 27.01.15 ført tilsyn med Forsand kommune. Tema for tilsynet er «Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa».

Forsand kommune har i samband med tilsynet sendt inn dokumentasjon som gjeld elevar ved ATO-avdelinga på Forsand skule, og Fylkesmannen har kontrollert enkeltvedtak og individuelle opplæringsplanar som gjeld desse elevane.

Vidare har Fylkesmannen registrert at kommunen 16.12.15 liste ut ei stilling som *100 % vikariat som miljøarbeidar på ATO*. Av denne utlysinga går det fram at dei som er interesserte i å søke på stillinga, kan kontakte *Leiar for seksjon funksjonshemma*.

Med bakgrunn i det som er nemnt ovanfor, utvider Fylkesmannen tilsynet til også å gjelde § 9-1 i opplæringslova:

«Kvar skole skal ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing.

Opplæringa skal leiast av rektorar. Rektorane skal halde seg fortrulege med den daglege verksemda i skolane og arbeide for å utvikle verksemda. Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar. Rektorar kan tilsetjast på åremål.

Departementet kan etter søknad gjere unntak frå reglane i andre ledd og gi høve til andre måtar å organisere leiinga på.»

Gjennomføring

Fylkesmannen ber Forsand kommune om ei skriftlig utgreiing med tilhøyrande dokumentasjon om korleis ATO-avdelinga ved Forsand skule er organisert. I den skriftlege utgreiinga ber vi Forsand kommune foreta ei eigenvurdering om organiseringa er i tråd med krava i § 9-1 i opplæringslova,

og særskilt kommentere om rektor disponerer dei tilsette på ATO-avdelinga fullt ut, og også kommentere kven som har styringsrett over dei tilsette ved ATO-avdelinga.

Vi ber om at utgreiing og tilhøyrande dokumentasjon blir sendt Fylkesmannen innan 26.02.16.

Med helsing

Sølvi Ona Gjul
utdanningsdirektør

Hjalmar Arnø
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Hjalmar Arnø
Saksbehandlar telefon: 51568741
E-post: hjalmar.arno@fylkesmannen.no
